

Rapport



Bente Nilsen
Leiar Florø
frivilligsentral

RAPPORT 2023 FLORØ FRIVILLIGSENTRAL

Innleiing

I september 2015 vart Flora Frivilligsentral starta opp. Flora kommune vart ein del av Kinn kommune frå 01.01.2020, som har to kommunale frivilligsentralar, ein i Florø og ein i Måløy. Florø frivilligsentral hadde i 2023 to tilsette, leiar Bente Nilsen i 100% stilling og frivilligkoordinator inkludering Alexia Aadland i 80% stilling. Kontorstad er på Florø kulturhus og sentralen er organisert under kultur, idrett og fritid. Kinn kommune har ei felles ressursgruppe for frivillighet i Kinn kommune. I ressursgruppa er det personar som representerar frivilligheten som t.d. idrettsrådet og humanitære organisasjonar. Oppgåvene til ressursgruppa kan vere å komme med innspel om behov for frivillige aktivitetar i kommunen og t.d. bidra med samarbeid på tvers av kommunale tenester og frivillige organisasjonar. Eit døme på dette er aktivitetar for eldre og fritidserklæringa for barn og unge. Kinn kommune har også vedteke ein handlingsplan for frivillighet. Den kan lesast her: <https://pub.framsikt.net/plan/nyekinn/plan-a29e928e-e36a-4058-8f45-90172c4382e5-25446/#/>

Kontaktinformasjon ressursgruppe for frivillighet i Kinn kommune.

Kinn idrettsråd:

Dan Solberg, Florø, (representerer Volleyball)

Mobil 916 38 868, e-post: dan.solberg74@gmail.com

Håkon Christensen, Måløy (representerer m.a. bueskyting, er frivillig i redningsselskapet m.m.) Mobil: 414 48 258, e-post: haakon1chr@gmail.com

Askrova Grendalag:

Siri Sunde, Florø. Mobil 416 35 947 og e-post: sundeprodukt@gmail.com

Sørstrand Folkepark:

Leni Notø, Florø. Mobil 938 37 209 og e-post: leninoto@live.no

E-sport gruppa/Deknepollen Bygdelag:

Geir Arne Solheim, Måløy. Mobil: 957 51 992 og e-post: geir@frequency.no

Kinn Eldreråd

Arne Rognaldsen, Florø. Mobil: 472 40 627 og e-post: arne.rognaldsen@gmail.com

Flora Røde Kors:

Gunvor Gjellro, Florø. Mobil: 905 34044 og e-post flora@rodekors.org

Vara: Alvdiss Solvang, Florø. Mobil: 476 47 567 og e-post: alvdissol@gmail.com

Ungdomskontakt:

Håkon Skram Heggen, Måløy. Mobil: 462 80 333 og e-post: haeggen@icloud.com

Korps:

Dagrunn Almenning Kvalheim, Måløy. Mobil: 917 06 465 og e-post: da-kv@online.no

Administrasjon:

Siv Anett Kupa, Måløy. Mobil: 907 46 471 og e-post: siv.anett.kupa@kinn.kommune.no

Bente Nilsen, Florø. Mobil: 902 22 692 og e-post: bente.nilsen@kinn.kommune.no

Ekstern finansiering drift Florø frivilligsentral:

Statlege midlar til drift frå departementet pr. sentral: 471 198,-

Overføring KURS KF til lønn frivilligkoordinator og aktivitetsmidlar: 800 000,-

Eksterne aktivitetsmidlar som frivilligsentralane i Kinn har fått eller søkt midlar til:

BufDir, ferieopplevingar, opne møteplassar, fritidserklæringen: 588 965,-

Kinn kommunestyre, fritidserklæringen: 300 000,-

Kinn kommunestyre, Nav aktivitetsmidlar: 200 000,-

KURS KF Aktivitetsmidlar: 300 000,-

Gjensidigestiftelsen: 405 000,-

Symjeopplæring nyankomne flyktningar frå Statsforvaltaren i Vestland: 157 500,-

Gåver til Florø frivilligsentral: Eiendomsmegler Vest: 56 000,- Minnegåve: 9 017,-

Totalt kr. 2 016 482,-



SAMARBEID MED TENESTENE

LEV VEL - kultur for helsa

Aktivitetar som skal motverke einsemd, passivitet og sosial utanforskap. Florø Frivilligsentral er med i arbeidsgruppa LEV VEL, der ein av suksessfaktorane er samarbeid mellom tenester, frivillige lag og organisasjonar, private aktørar, museum og andre kulturinstitusjonar. Det er også oppretta faste møter om frivilligheit og tilsette i omsorg. Det er faste planleggingsmøter om frivillige aktivitetar på Florø omsorgssenter, Furuhaugane Omsorgssenter, Eikefjord omsorgsbustader, omsorgsbustader i Markegata 55 og på Brendebbygget.

Kinn kommune var nominert og vant den nasjonale til «Leve hele livet – prisen 2020» og vi jobbar vidare med fokus på å utvikle det strategiske arbeidet med systematisk involvering og samhandling av tenester, elderråd, frivillige organisasjonar og dialog med ulike brukarorganisasjonar. I 2023 vart det dei siste «Leve heile livet» vekene arrangert i Kinn. Reforma Leve hele livet vart i 2023 erstatta med ny reform «Bu trygt heime» der frivilligheita har fått ein sentral plass i 2 av 4 hovudsatsingsområde:

Levande lokalsamfunn som tek vare på aktivitet og fellesskap


Tilpassa butilbod, og gjere det mogleg for å bu trygt i eigen heim lengre

Leiarane i begge frivilligsentralane har gjennomført utdanninga «Frivillig koordinering i eldreomsorgen» på Verdighetsenteret. Gjennom utdanninga vart det oppretta eit felles prosjekt i Kinn «Grenseløs frivillig samhandling i omsorg» **Hovudmål:** At kommunikasjonen mellom tilsette og frivillige er så god, at det førar til meir frivillighet og auka aktivitet for bebuarane i heile Kinn kommune. Leiarane har i 2023 vore faste innleiarar for nye studentar på studiet, saman med fagleiar Jorunn Bakke Nydal i helse og velferd.

Visjon vi jobbar etter: At alle frivillige som bidreg i omsorg kjenner at dei blir sett, ivareteken og at jobben dei gjer anerkjennast av tilsette og kommunen som heilheit.

Nyttårsfest for frivillige i omsorg.

LEV VEL og frivilligsentralen inviterte til staseleg nyttårsfest med raud løpar, underhaldning og 2 rettars middag på Florø kulturhus. Påmeldinga var over all forventning og det kom 65 omsorgsfrivillige!



Samarbeid om eige kultur- og aktivitetsprogram, med å arrangere aktivitetar kvar torsdag på dagtid kalla «OPE HUS» Kinn kommune tilbydde gratis skyss til desse torsdagsaktivitetane. Samarbeid om FÅ BESØK – GÅ PÅ BESØK. OPE KAFÈ i Eikefjord kvar fredag på Allhuset.

Kultur og aktivitetsprogram, alle gratisarrangementa og tilbod om gratis skyss er finansiert gjennom Gjensidigestiftelsen.

Døme på konkrete aktivitetar frå OPE HUS



OPE HUS

**MAT, MUSIKK OG PRAT
(FELLESmiddag)**

Torsdag 2. februar
kl. 13.00 på Havgyltt

Vi startar denne dagen med ein halvtimes konsert med Ingvar Hopland og hans gode medmusikantar. Dei vil spele kjente og kjære songar frå 50- og 60-talet (eks. Erik Bye, Jim Reeves, Lillebjørn Nilsen og Everly Brothers). På menyen står det raspeballar og maten er gratis!

For påmelding tlf.: 90 23 48 99 eller i resepsjonen.
For gratis transport tlf.: 57 75 60 03 innan klokka 12.00 virkedagen før. Vi gler oss til å sjå deg!



ONSDAGAR	
09.00-10.00 Havhesten	Bassengtrening utanom opningstid. Utan musikk. Ingen påmelding! Tlf.: 57 75 67 20
10.30-11.45 Florø Yoga Studio	Restorative yoga. Bygg opp kroppen etter slitasje/sjukdom. Roleg og enkelt. Tlf.: 94 87 39 66, Gunhild Desilets
11.00-12.00 Havhesten	Bassengtrening m/musikk og instruktør. Ingen påmelding. Tlf.: 57 75 67 20
10.00-12.00 Havgyltt	Korøving med seniorkoret Sangglede (blandakor). Ope for alle. Tlf.: 92 81 70 15. Kjell Dybaa (styreleiar)
11.30 Helsehuset Markegata 61	Onsdagstreff. Velkommen til ein sosial samlingsplass. Ta gjerne med deg handarbeid. Gratis lunsj og kaffi. Arrangør: Florø sanitetsforening. Tlf.: 91 38 18 91
17.30-19.00 Florø folkebibliotek	Språkkafé, for deg som treng norsktrening. Kaffi, snacks og god stemning. Annankvar onsdag, partalsveke. Ope for alle uansett nivå. Arr.: Flora Røde Kors. Tlf.: 97 77 58 82, Renate L. Svoldal
18.00 Helsehuset Markegata 61	Kløvertur med Florø sanitetsforening. Lavterskulturr. Oppmøte i Markegata 61. Velkommen!

TORSdagAR	
10.00 Tur utandørs	Formiddagstur med Florø turlag. Alle som kan gå tur i terreng i 3-4 timer kan vere med. Sjå www.flora.dnt.no for påmelding. Tlf.: 48 11 95 77
11.00-13.00 Havgyltt	Senioruniversitetet i Florø har ulike foredrag på Havgyltt, andre torsdager i månaden. Sjå detaljert program i brosjyra.
11.00-12.00 Havgyltt	Senioryoga. Du treng ikkje å ha trent yoga før for å vere med. Alle øvelsane blir tydeleg vist og forklart. Tlf.: 95 81 42 44, Margunn Belsvik
12.00/13.00 Ulike stader	Ope hus. Variert kulturprogram. Gratis deltaking. Sjå detaljert program i brosjyra.
12.30 Nærområdet	Tur i nærområdet, med Florø revmatikerlag. Oppmøte på Havgyltt. Passar for alle. Ca. 1,5 time. Tlf.: 95 87 67 87, Britt Maret Sunde
16.00-19.00 Allhuset i Eikefjord	Medlemsmøte Eikefjord pensjonistlag. Fyrste torsdag i månaden (utanom feriar). Variert program, mat og drikke. Tlf.: 47 64 54 58, Solbjørg Tonheim
16.00-18.00 Misjonsheimen	Torsdagstreff på Misjonsheimen i Florø, ein gong per måned. Song, musikk, andakt og ulike kulturinnslag. Matservering. Ved Florø diakonat. Tlf.: 48 10 04 81, kyrkjekontoret
17.00 Markegata 36 Frelsesarmeen	Bordtennistrening på Frelsesarmeen. Velkommen til ei treningsøkt med oss. Tlf.: 92 23 86 45, Tarald Olav
18.00 Havgyltt	Medlemsmøte Florø pensjonistlag. Siste torsdag i månaden. Musikk, song, lotteri, mat og kaffi. Tlf.: 48 28 25 15, Reidun Espeland

Prosjekt internasjonalt kor

Samarbeid mellom musikkterapeutane i LEV VEL-teamet, frivillige i Kinn kyrkjelege fellesråd og Florø frivilligsentral. Øving ein gong i veka på Florø kulturhus 6 gongar med ca. 30 frammøtte kvar gong. Ønskja å ha fokus på det sosiale og avsluttar alltid med kaffi/te og noko attåt.

**DROP IN
INTERNASJONALT
KOR**

OPPSTART
Måndag 27. febr
kl. 18.00
8 måndagar framover.
STAD: Florø kulturhus

FOR ALLE
Drop innom til ein møteplass for alle.
Er du ung eller vaksen,
ny i byen eller buid her alltid.
ALLE er velkomne.
Vi lagar kor med variert repertoar.

**SANG FOR
FELLESSKAPET**
Når mange stemmer
møter blir det utruleg
vakker og oppleving av
glæde, fellesskap og ikkje
minst humor.

KVEN KAN BLI MED?
Alle kan være med
Treng ikkje sangerfaring
Ingen oppskriftar

Musikalske leiurar:
Benjamin Mellingen Thuen
Jorunn Bakke Nydal

Sponsord? kontakt Florø frivilligsentral, Alneshov 4347781
Arrangør:
Kinn kommunar i Florø frivilligsentral, LEV VEL
Kinn kommunar



Fritidsaktivitet for barn med nedsatt funksjonsnivå

Møte med koordinerende eining om behov og korleis vi kan få til tilpassa fritidsaktivitet for barn med nedsatt funksjonsnivå. Det er søkt prosjektmidlar frå BufDir for 2024 til dette.

Aktivitetssenteret Havglytt

Det ligg fast ei avtale mellom Havglytt og Kinn kommune som betyr at frivillige organisasjonar med senioraktivitetar kan låne lokala gratis. Det er mange aktivitetar man kan vere med på og som er godt tilrettelagt for alle. LEV VEL – Ope hus har fleire av sine arrangement, t.d. fellesmiddag og bingo!

Beredskap

Omsorgsberedskap – kommunen har avtale med sanitetslaga i kommunen. Avtala går i hovudsak inn på at saniteten skal ha ansvar for hus, mat og omsorg. Flora Røde Kors signerte beredskapsavtale med Flora kommune i 2019.

Kulturskulen

Møte og jamnleg dialog gjennom året med kulturskule om fritidserklæringen. Hjelp til påmelding oppfølging av deltakarar som frivilligsentralen koordinerar, i samarbeid med kulturskulen. I 2023 var det mellom 40 - 45 barn som fekk tilbod om jamnleg organisert aktivitet som er dekket økonomisk av kommunen gjennom den lokale fritidserklæringen.

Frivillighet i ungdomskulen som valfag – Innsats for alle.

I 2023 hadde Florø ungdomskule 2 klassar. Frivilligsentralen bidro med opplæring om frivillighet, etikk og teieplikt for elevane, samt førebuing til og kartlegging av behov for frivillig aktivitet. Dei samarbeidar mest med tenesta omsorg og barnehagane, men var også veldig viktige frivillige i gjennomføringa av større arrangement som FN-dagen og Jul på kulturhuset.



KURS KF (Kinn utdannings- og ressurscenter)

Her ligger det ei avtale med kultur og fritid som utgangspunkt for samarbeidet. Florø frivilligsentral skal legge til rette for at flyktingar og innvandrarar kan engasjere seg og delta i det frivillige arbeidet og på aktivitetar i kommunen. Frivilligsentralane hadde til rådvelde ei verktøykasse på 300 000,- i 2023. KURS KF betalte for stillinga frivilligkoordinator i 80% stilling i Florø og 10% i Måløy. Målfokuset med å jobbe for inkludering og vere ein tilretteleggar for aktivitetar og få nye frivillige inn i dei etablerte organisasjonane i

Kinn kommune. Vi er med på jamnlege møter med programrådgjevarane annakvar veke. Vi er også fast inne i årshjulet for opplæring om frivillighet og fritidsaktivitet for alle introdeltakarane ved KURS KF kvart år. Kinn kommunestyre gjorde også vedtak om å busette inntil 220 flyktningar. I 2023 har det vore arrangert fleire arrangement, opne møteplassar, jamnlege fritidsaktivitetar og ferieaktivitetar enn tidlegare år.

Solbakken Asylmottak

Solbakken asylmottak vart gjenopna sommaren 2020 som eit basismottak for inntil 150 asylsøkarar som i 2023 har vore utvida til 230 plassar, mykje på grunn av krigen i Ukraina. Frivilligsentralen har hatt jamnlege møter med tilsette og frivillige organisasjonar som har oppretta aktivitetar for bebuarane. Fleire frivillige organisasjonar fekk midlar til aktivitetar for barn, unge og vaksne på asylmottak. Dette var m.a. Røde Kors, Redd Barna, KIA og Florø Jeger og fiskeforening.



Kinn kyrkjelege fellesråd

Vi har i dialog med Kinn Kyrkjelege fellesråd formidla informasjon om Babysong til mødre som er i permisjon i tillegg til møter om kva kyrkja kan bidra med av aktivitetar. Frivillige har også vore vertskap til prosjektet «Internasjonalt kor» på våren 2023.

BUA- utstyrsentral


Vår BUA-sentral ligger i Strandgata: <https://www.bua.no/bua-floro/utstyr> Utfordringa er å få ei føreseieleg drift på BUA-sentralane i Kinn. Vi fekk midlar frå BufDir til innkjøp av utstyr i 2023 og kulturtenesta klarte å halde opp drifta på eit minimumsnivå. Opningstid tysdagar og torsdagar klokka 1400 – 1600.



SATSING PÅ UNGDOMSAKTIVITETAR

Ungdomshuset Haffen

Florø frivilligsentral samarbeida 1. halvår 2023 med Haffen om tilbod for vidaregåande opplæring kvar veke, med gratis mat som til dømes pizza og kebabrull i tillegg til aktivitetar som vart dekkja av midlar frå BufDir. I tillegg har vi koordinert og tilrettelagt for ferieaktivitetar for ungdom i alle skuleferiane.



Flora Vidaregåande skule

Frivilligsentralen orienterar ungdom og spesielt dei som bur på hybel om tilbod og fritidserklæring. Samarbeidar med miljøarbeidarane om aktivitetar for ungdom i skuleferiane.

Verdensdagen for psykisk helse – ungdom

«Lytt til kvarandre» fordrag til ungdomskuleelevar og elevar i vidaregåande opplæring. Hadde stand om fritidserklæringen.



Tur til Sunnfjordparken/trampolineparken

Full buss med ungdom som hoppa på trampoliner og kosa seg med pizza. Veldig populær aktivitet med venteliste.



ALLEMED UNG – medverknad

Florø frivilligsentral har tatt initiativ til at ungdommens kommunestyre ønska å gjennomføre opplæring i ALLEMED UNG, som handlar om korleii ungdom sjølv kan vere med å medverke til og komme med innspel på fritidstilbod i Kinn kommune. I tillegg får vi vite kva ungdommen meiner er dei største barrierane til at barn og unge ikkje er med på fritidsaktivitet. Dette er ein metode som vi er kjent med gjennom allmed.no og ungdommane fekk besøk av Maren frå Oslo som gjennomførte metoden saman med dei.



Det var eit aktivt ungdommens kommunestyre, som meinte at dei største barrierane og forslag til løysing:

Rimelegare utstyr – jobbe for meir sponsing av utstyr.

Det er for dyrt å vere med på fritidsaktivitetar – jobbe for at det blir billigare eller gratis å delta.

Mangel på transporttilbod – jobbe for å få billigare, meir tilrettelagt og oftare transporttilbod. Få med trenarane på å legge til rette for samkjøring. Ha transporttilbod etter klokka 2100.

Betre informasjon om fritidstilbod – Felles informasjon som kan gjerast tilgjengeleg der ungdom er.

For lite brukarmedvirkning av barn og unge - vere med å bestemme tilrettelagt tid og stad for aktivitet og alder. Flytte treningstider.

Ønskje om fleire tilbod – svømming, dans og musikk (Måløy)

Meir lokale fritidstilbod – ikkje berre i sentrum.

Barneskulane

Sender jamleg ut informasjon til skulane om til dømes fritidserklæring, gratistilbod som symjeopplæring, ferietilbod i alle skuleferiane og kino med oppmoding om å vidareformidle tilboda ut i klassane.

Helsestasjonen

Hatt faste dialogmøte med Helsestasjonen, der vi m.a. har diskutert kva behov det er blant barn og unge, og familiar i kommunen. Vi samarbeidar om å informere ut gratistilbod til barn og familiar som har eit ekstra behov for kjekke opplevingar i kvardagen. Florø Helsestasjon tok initiativ til å starte opp med arbeidet av ei brosjyre med oversikt over fritidsaktivitetar for barn og unge som no er tilgjengeleg på Florø frivilligsentral sine nettsider og blir brukt av forskjellige tenester i arbeidet med å få flest mogleg med på fritidsaktivitet.

Kartlegging 3. trinn – fritidstilbod til barn og unge

I samarbeid med Helsestasjonen, Krokane skole, Brandsøy skole, Torvmyrane skule, Eikefjord skule og Florø barneskule har vi kartlegging av barn på 3. trinn si deltaking på fritidsaktivitet, «Aktiv Fritid» Metode: Informasjonsskriv til føresette. Gruppearbeid på skulen, med frivilligsentralen, helsesjukepleiar og lærarar til stades i kvar klasse. Helsesjukepleiar følgjer opp med ein til ein samtale om fritidsaktivitet med kvar elev når dei er inne til måling og veking, og følgjer opp barn med ønskjer og behov gjennom kontakt med føresette. I samarbeid med Helsestasjon, skule og føresette, koplar vi barn med behov til fritidsaktivitet dei ønskjer bli med på.

NAV

Samarbeidar og har jamnlege møter om å finne born som har behov for mellom anna fritidsaktivitet, julegleder for barn gjennom Røde Kors og skuleferietilbod. Nav bidreg også med informasjon om kva behov som finns og eventuelle endringar av behov i lokalsamfunnet.

KF Havhesten

Godt samarbeid om symjeopplæring, der Havhesten stiller med instruktørar og hjelparar. Har fått midlar av statsforvaltaren i Vestland til symjeopplæring for nyankomne flyktningar for barn, kvinner og menn. Vi merkar ei auke i henvisningar frå tenestene om å bruke Havhesten som familieaktivitet og gjere noko kjekt saman, der familiar har fått familiekort gjennom frivilligsentralen.

Barnevern

God jamnleg dialog og møte med tilsette som melder på dei barna og familieane som har mest behov for fritidserklæringa, gratis ferietilbod, dagtilbod i feriane og familiekort på Havhesten.

Folkehelsekoordinatoren

Samarbeidar i LEV VEL ressursgruppa.

Florø kulturhus

Godt samarbeid med å arrangere gratis kinoar for familiar og ungdom med veldig godt oppmøte. Elles ein viktig arena for mange av våre arrangement, som til dømes FN-dagen, fest for frivillige i omsorg, Columbia/Venezuela kveld, Etiopia/Eritrea kveld, Eldredagen og Jul på kulturhuset.



Florø Folkebibliotek

Biblioteket har etablert seg som ein sosial møteplass med kjeke gratisarrangement som OPE HUS arrangementa. Fleire møteplassar er i samarbeid med frivillige organisasjonar til dømes Røde Kors sin språkkafè.



Soldalen aktivitetsgård – 4H gard

Florø Frivilligsentral brukar aktivitetsgården til jamnleg organisert aktivitet. I tillegg er skuleferietilbodet til aktivitetsgarden vore nytta. Etterspørselen og behov for dette tilbodet har vore aukande og i 2023 nytta 30 barn ferietilbodet og 16 barn på jamnlege aktivitetar gjennom fritidserklæringen.

Krisesenteret Sogn og Fjordane

Jamnlege møter om behov og informasjon om tilbod, der både vaksne og barn nyttar seg av dei frivillige møteplassane, ferietilbod og fritidsaktivitetane i Florø.

Krokane skule

Møte om korleis lage ein fin møteplass for mødre. Frivilligsentralen har bidrege med informasjon om fritidserklæringen og planlegging av møteplass med fokus på sosiale nettverk og lage mat saman.



MØTE MED FRIVILLIGE LAG OG ORGANISASJONAR

Sunnfjord Hestesportsenter

Organisasjonen fekk eksterne midlar til 4 opne søndagar på senteret og frivilligsentralen var ein tilretteleggar for transport og dekking av mat til desse søndagane. Frivilligsentralen dekkja også for 4 barn på rideleir sommaren.

Kinn Eldreråd

Samarbeid gjennom LEV VEL og Leve heile livet og planlegging/gjennomføring av eldredagen. Leiar for eldrerådet er også representert i ressursgruppa for frivilligheit.



Eikefjord Pensjonistlag

Jevnlige møter og dialog, der vi vil framheve samarbeidet med andre frivillige organisasjonar som Røde Kors besøkstjeneste, Eikefjord grendalag, Eikefjord bondekvinnelag og sanitetsforeningane i Eikefjord og omegn. Saman har dei mellom anna ansvaret for fredagskafé på Allhuset. Dette er eit gratistilbod, med

servering av suppe, vaflar og kaffi, samt enkel underhaldning. Dette er blitt eit viktig etablert tilbod for folk som bur heime på dagtid.

Flora Røde Kors:

Besøktjenesten i Florø og Eikefjord: Arrangement og besøk på institusjonar, omsorgsbustadar og ute i heimane. Har no totalt 10 frivillige ein til ein gjennom prosjektet til kommune FÅ BESØK – GÅ PÅ BESØK. Elles har dei frivillige bidrege på felles arrangement som kino, utfluktar shoppingturar, grillfestar, krabbefestar, sommarfestar og julefestar i omsorgstenesta. Røde Kors har også frivillige som har velværepleie på institusjon.

Aktivitetar på Solbakken asylmottak:

Båttur/fisketur med Florø skyssbåt. Tur til Sunnfjordparken Jamnlege møteplassar på aktivitetsrommet på mottaket.

Til Topps med overnattingstur til Askrova

Frivillige arrangerte sin eigen Til Topps tur med overnatting. Særs vellykka tur, med felles matlaging, bingo, tur til Trollhola og Gapahuken på den mest regnfulle helga i manns minne!



Dagstur til øya Kinn



Røde Kors har også bidrege med å få eit prosjekt i samarbeid med Norges Røde Kors om å betre helsehjelpa for asylsøkarar med endeleg avslag. Norges Røde Kors har bidrege med midlar til mellom

anna tannhelsebehandling og transportkort, julefest og matkasser før jul. Dette er etter initiativ frå engasjerte frivillige i Flora Røde Kors.

Zumba – trening for damer

Gratis trening kvar veke på Florø kulturhus, speilsalen. Viktig folkehelseiltak og veldig sosialt med flinke frivillige instruktørar.

Møteplass for kvinner på dagtid – Damegruppa!

Røde Kors aktivitet med Florø Frivilligsentral som tilretteleggar. Veldig kjekk fast møteplass på Røde Kors huset på dagtid måndagar. Her finner dei på mykje kjekt som grilling på Sørstrand, juleavslutning, lage oldemorsruter, male og strikke.



Juleglede for barn

Juleglede på kr. 400,- pr. barn i form av gavekort frå Gjensidigestiftelsen og Sogn og Fjordane Røde Kors. Stor respons frå tenestene som meldte inn behovet. Totalt var det 450 barn som fekk ei julemerksemd frå Røde Kors som var meldt inn av NAV, Kurs KF, barnevernet, krisesenteret, helsestasjonen, skulane og enkeltpersonar i Florø og omegn. Det har aldri vore så mange barn som har fått juleglede og behovet har vore aukande i 2023.

Språkkafè på biblioteket

Sosial møteplass kvar veke, der språk, kultur og tradisjon står i fokus. Så spelar dei og brukar norsk språk.



Flora Røde Kors er den frivillige organisasjonar vi har mest samarbeid med på inkluderingsfeltet. Dei søker eigne midlar og fekk i 2023 totalt kr. 425 500,- I tillegg fekk dei midlar til prosjektet på Solbakken asylmottak direkte gjennom Norges Røde Kors på kr. 420 000,-

Florø Jeger og Fiskeforening

Samarbeid og tilrettelegging av båttur og fisketur saman med Flora Røde Kors.

LHL Flora Bremanger

Møte om korleis skape aktivitet i laget og korleis vi kan samarbeide for å få eit meir aktivt lag.

Rebekkalogen Lanternen

Dei er «fadderorganisasjon» for Markegata 55 med fellesaktivitetar og møteplassar for bebruarane.

Flora Pensjonistlag

Samarbeid og dialog gjennom aktivitetar i LEV VEL. Har ansvaret for OPE HUS arrangementet fellesmiddag på Havglytt. Pensjonistlaget har også bringe/hente ordning til fellesmiddagen på Havglytt som var eit av behova dei eldre ønskja: Transport til aktivitetar.

Kinn Idrettsråd

Idrettsrådet har ein representant i ressursgruppa for frivillighet i Kinn kommune. Samarbeida om fritidserklæringen hausten 2023, då frivilligsentralen ikkje hadde meir midlar, fekk Kinn Idrettsråd sentrale midlar ca. 350 000,- som vart overført til frivillige organisasjonar som kunne tilby fritidserklæringen.

Eikefjord Idrettslag

Samarbeid om fritidserklæringen.

FSK fotball - Fotballskulen ferietilbod og jamnleg organisert aktivitetar.

Sommarferietilbod, der frivilligsentralen bidreg med økonomiske midlar. 89 barn har fått tilbod om jamnleg organisert aktivitet kvar veke.

FSK Handball - Handballskulen ferietilbod – vinter, sommar, haust og jamnleg organisert aktivitet

Handballskule i vinter, sommar og haustferien. Merk at handballskulen i sommar og haustferien var gratis for alle og betalt av Gjensidigestiftelsen. 33 barn har fått tilbod om jamnleg organisert aktivitet kvar veke.

Krokane Sanitetsforening

Har arrangert ein familieleirar på Teigen med totalt 38 personar og 6 frivillige. Dette er eit fantastisk helgetilbod med overnatting og masse aktivitetar som bingo, fiske, kano, leikar og grilling i bålpanna. Det er også eit viktig tilbod for dei familieane som ikkje har høve å reise på ferie og som kan skape felles opplevingar saman som familie.



Florø Sanitetsforening

Babytreff i samarbeid med Flora helsestasjon med møteplass ein gong i veka på helsehuset.

Kløvertur to gongar i veka og onsdagstreff med lett lunsj ein gong i veka.

Florø skoles musikkorps

Samarbeid om rekrutteringsprosjekt for korpset, «Korps united» med spesiell fokus på inkludering, lære å spele eit instrument og sosiale møteplassar, der frivilligsentralen har bidrege med midlar til prosjektet.

Annai Poopathi Tamilsk kultursenter Florø

Bidrege med støtte til aktivitetar for barn og familiar kvar veke på Krokane skule.

Bidrag til arrangement, enten som frivillige eller med finansiering av mat.

Colombia/Venezuela – kveld

Fantastisk kveld, der vi vart meir kjent med Colombia og Venezuela sin kultur, historie og mattradisjonar som var planlagt og gjennomført av personar som er frå desse landa og som bur i Florø. Så fekk alle smake den gode maten og det kom over 200 mennesker.



Etiopia/Eritrea – kveld

Ein magisk kveld, landa vart presentert og alle fekk sjå på kaffiseremonien. Så var det song og dans, i tillegg til deilig mat for over 200 mennesker.



Ukrainsk dag med basar

Informerte om arrangementet og dekket for husleige. Her var det basar og kjempegod mat som var laga av våre Ukrainske vennar. Dei kan å lage fest og det var godt oppmøte!

FN-dagen

Feiring med internasjonal mat og internasjonal kultur/tema med over 200 deltakarar.

VI FEIRAR FN-DAGEN
Lordag 28.10.2023



Klokka 1400 - 1600
Underholdning v/Kinn kulturskule
Internasjonal kafe med sal av mat og kaker

Klokka 1400 - 1600
Aktiviteter for barn:
Måling, hennamaling, hårfletting og ansiktsmaling, ringspill mm.



Klokka 1415 - 1445
Spennende presentasjon om
Kurdistan: Tyrkia, Iran, Irak og Syria.
Kultur, geografi, historie og dans



Det er på Florø kulturhus
det skjer. Velkommen!

Arrangør: Florø frivilligsentral i samarbeid med Kinn kulturskule, Solbakken asylmottak, Kurs KF og frivillige som ønsker å lage fest!





Jul på kulturhuset

Juleverkstad for heile familien saman med Florø husflidslag, julefilm på biblioteket, juletrgang og julekafé med gratis smak av jul for 200 frammøtte. Og jammen kom julenissen!

Andre tema/oppgåver som Florø Frivilligsentral har vore involvert i:

Sentral som nettverksleiar for frivilligsentralane i Fjordkysten og fylkeskontakt for 60 frivilligsentralar i Vestland om Leve heile livet. Vald som leiar i Vestland frivilligsentralar.

Innleiar på integreringskonferansen til Norges frivilligsentraler i Oslo.



Innleiar for Nasjonal møteplass for folkehelse i Oslo.

Nettverksleiar møter, fagsamlingar og fylkeskontaktmøter i Norges frivilligsentraler.

Innleiar gjennom Verighetsenteret si utdanning «Frivillig koordinering i omsorg» saman med leiar i Vågsøy frivilligsentral Siv Anett Kupa og fagleiar miljø, musikkterapi og livskvalitet i helse og velferd Jorunn Bakke Nydal.

Frivillighet Norge si nasjonale innspelsgruppe som vil komme med ein veileder til kommunane om lokal frivillighetspolitikk.

Innleiar på ALLEMED – nasjonal konferanse i Oslo om vårt arbeid med fritidserklæringen.



Innleiar på møte med IMDI og UDI i samband med jubileumsdag til KURS KF.

Medlem i ressursgruppa for frivilligheit i Vestland fylkeskommune som mellom anna hadde ansvar for gjennomføring av frivillighetskonferansen i Vestland og verkstad for arbeidet med handlingsplan regional plan for kultur.

Medlem i ressursgruppa om fritidserklæringa i Vestland fylkeskommune.

Innleiar til Nasjonalforeninga for folkehelse sin konferanse i Sogn og Fjordane.

Nasjonalt digitalt forum: Gammal og skeiv. Tankevekkande føredrag frå Kirkens bymisjon i Oslo.

Planlegging av markeringa Verdensdagen for psykisk helse med eit flott opplegg for elevar på ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring.

Kommunikasjon og omdømme

Sosiale medier, lokale nyhende og nettside

Florø Frivilligsentral brukar standard nettside med profilpakka til frivilligsentralane. Vi ønskjer at den skal vere ei informasjonsside, i tillegg til at man kan skal kunne melde seg som frivillig. Er aktive på vår eiga facebook-side, der vi legger ut informasjon om aktivitetar, bilder og kva som skjer. Den hadde 1542 følgjarar 31. januar 2024 mot 1136 11.mars 2023.

Vi var også med på stand på AMFI-senteret for å profilere LEV VEL – kultur for helsa sitt program. Det var veldig kjekt og vi fekk snakka med fleire som ikkje visste om tilbod og eit par som kunne tenkje seg å blir frivillig. Utfordringa er å få struktur på sånn oppsøkkande virksomheit, fordi det er veldig god omdømmebygging for Kinn kommune.

Vi har også vore litt i lokalavisa:

Florø frivilligsentral inviterte til kebab i skateparken



Arrangerer gratisaktivitetar: - Aldri før vore så stort



ARRANGØRAR: Siri Sluavang og Bente Nilsen er to av dei som arrangerer gratisaktivitetar for ungdom u sommer. Foto: Dag Frøyen

Avslutning

2023 er framleis prega av krigen i Ukraina og at vi har krig i Europa. Vi er så stolte og imponerte over alle dei frivillige organisasjonane som bidreg til gode kvardagar og som brukar så mykje tid på å inkludere andre. Vi er heilt sikker på at det er den gode samhandling og ein struktur på samarbeidet som er suksessen til kvifor vi som lokalsamfunn bidreg så mykje.

Å koordinere samhandling mellom frivillige sektor og kommunen er viktig å bruke tilsetressursar på. Vi ser at frivilligsentralane bør ha ei rolle som tilretteleggar og handlingsplanen for frivilligheit som vart vedteke i desember bekreftar denne rolla.

Til slutt vil vi få takke alle kommunalt tilsette i tenestene og lag/organisasjonane fordi dei er så positive til samhandling med stort engasjement! Florø Frivilligsentral har ei viktig rolle med å finne dei som verkeleg har eit behov og som trenger gode kvardagar og då trenger vi tenester og frivillige organisasjonar som gjer oss merksam på dette. Saman skapte vi gode opplevingar og gjorde ein skilnad for totalt fleire tusen i Kinn kommune saman med Vågsøy frivilligsentral og våre gode kollegaer i nord Siv Anett Kupa og Randi Kristin Strand Kandal.

Med beste helsing

Alexia Aadland, frivilligkoordinator inkludering og Bente Nilsen, leiar.